



GREINDØD I SOLBÆR

(Phomopsis ribicola)

Greindød i solbær årsaka av Phomopsis ribicola.

Sommaren 2019 var det mykje skotvisning med påfølgjande greindød i nokre solbærfelt i Buskerud. Det vart tatt ut prøvar frå fleire felt for vidare analyse, og soppen *Phomopsis ribicola* vart påvist. Funna vart gjort i sortane 'Ben Tron' og 'Narve Viking'.

Tekst og foto: Arne Stensvand og May Bente Brurberg (NIBIO/NMBU), Venche Talgø (NIBIO) og Sigrid Mogan (NLR)

Det har over fleire år vorte observert ein del skotvisning som har utvikla seg til greindød i solbær. Dette har gjerne vorte forklart som overvintringsskadar. I juli 2018 var det symptom i nokre solbærfelt i Buskerud (Fig. 1). Dei daude skota hadde utvikla seg normalt, men visna brått. Den varme, turre sommaren kan ha framskunda visninga. Ved gjennomskjering av skota var det eit skarpt skilje mellom sjukt og friskt vev (Fig.

2), og symptoma i veden gjekk gjerne heilt inn til midten av skota (Fig. 3). Det vart isolert ein sopp på kunstig dyrkingsmedium som hadde alle kjenneteikn på soppselekt *Phomopsis* (Fig. 4), og etter DNA-analyse vart *P. ribicola* påvist. Seinare har vi også påvist denne soppen i rips frå eit felt i Agder. *Phomopsis ribicola* har ikkje vore påvist tidlegare i Noreg.

Biologi

Soppen har eit ukjønna og eit kjønna stadium. Det kjønna stadiet dannar askosporar som kan spreia seg med vind over større avstandar i fuktig vær, mens det ukjønna stadiet spreier seg med konidiesporar i regnsprut over korte avstandar. Vi har enno ikkje funne det kjønna stadiet i Noreg, men vi har heller ikkje systematisk sett etter det.



Phomopsis ribicola vart isolert frå den skarpe overgangen mellom friskt og sjukt vev.

Rapportert frå England

Det er få rapportar om *P. ribicola* frå andre land, men i England vart det funne omfattande skade av soppen i solbær. Skildringa av skadane frå England stemmer godt med dei vi ser hos oss. Sortane 'Ben Avon' og 'Ben Tirran' vert nemnt som særleg utsette. Angripne skot får redusert bladstorleik og manglande bladdanning eller bladvisning utover i sesongen, og skadd vev er inngangsport for soppen.

Tiltak

Det er viktig å fjerna gamle planterestar med smitte. Maskinhausting gir gjerne lett skade på



Mørkfarge i veden etter angrep av *Phomopsis ribicola*.

greiner/skot, og behandling med eit soppmiddel rett etter hausting kan difor ha god verknad.

Vidare arbeid

Ei vidare kartlegging av omfanget av greindød i solbær vil verta føretatt i viktige dyrkingsområde av solbær og rips utover ettersommaren og hausten i 2019. Vi vil også starta utprøving av ulike fungicid mot soppen.

Litteratur

Jennings, P. 2014. *Phomopsis dieback of blackcurrants: methodology development and control*. Agriculture and Horticulture Development Board, 26 s.



Reinkultur av *Phomopsis ribicola* på kunstig vekstmedium.

SKADEDYR- PROBLEMER?

- Fugl- og viltskremser
- Gasskanoner og hylere
- Feller for vånd

AB Landbruk
www.ablandbruk.no
Tlf. 69 13 75 02

GJERDE- MATERIELL OG STOLPER

Vi fører et større utvalg av trestolper til frukt- og bærproduksjonen.

Fører også ulike typer netting for å sikre frukt- og bærhagene, samt spiker og kramper.

Kontakt
Vedterminalen
Tlf 48 03 52 07
post@vedterminalen.no

Kontrollerte jordbærplanter til salgs

Tar i mot bestilling av barrotsplanter for levering våren 2020 av sortene:

KORONA
POLKA
SAGA
FRIDA

Per Otto Kaurstad
Tlf. 90 06 54 56
Fax: 612 80 809
epost: okaursta@online.no